

## Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Det må arbeidast vidare politisk med å få auke inntektsrammene, mellom anna med å få dekkja auka kostnader med miljøvennlege ferjer, hurtigbåtar og el-bussar og innretning på tapskompensasjonsordninga. Det same gjeld det økonomiske forholda knytt til overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane.»

**Ashild Kjelsnes (A)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 3:

set inn ordet *førebels* før ... legg til grunn i 1. linje.

Tilleggsptk til slutt:

Framdrift av Fv614 Svelgen - Indrehus vert ikkje skjøven ut i tid.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

Fellesnemnda som finansutval ber om at planlegginga av vedtekne investeringsprosjekt held fram slik at det ikkje oppstår forseinkingar. Nytt finansutval etter haustens val må gjere ei samla vurdering av eventuelle endringar i investeringsbudsjettet før innstilling av budsjett og økonomiplan til Fylkestinget.»

**Sigurd Reksnes (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

Fellesnemnda som finansutval legg førebels til grunn at det samla investeringsbudsjettet innanfor bygg og fylkesveg i Vestland fylkeskommune vert redusert med 418 mill. kr i 2020. Nettobeløpet, det vil seia eigenfinansiering som krev låneopptak er om lag 335 mill. kr. Fellesnemnda som finansutval ber om at planlegginga av vedtekne investeringsprosjekt held fram slik at det ikkje oppstår forseinkingar.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til pkt 4:

Fellesnemnda/finansutvalet ber om at det blir synleggjort kva verknader dei ulike framlegga til innsparingar vil medføre på den enkelte tenesta.»

## Røysting

Prosjektlear sitt forslag punkt 1 med Følling sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke.

Prosjektlear sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Kjelsnes sitt forslag punkt 3 fekk 9 røyster (A og 1 H) og fall.

Søviknes sitt forslag punkt 3 fekk 8 røyster (Frp og H) og fall.

Reksnes sitt forslag punkt 3 fekk 15 røyster (Sp, A, KrF, V, SV) og vart vedteke.

Prosjektlear sitt forslag punkt 3 fekk inga røyster og fall.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 4 med Brosvik sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar sin presentasjon om kommuneproposisjonen til orientering. Det må arbeidast vidare politisk med å få auka inntektsrammene, mellom anna med å få dekkja auka kostnader med miljøvennlege ferjer, hurtigbåtar og el-bussar og innretning på tapskompensasjonsordninga. Det same gjeld det økonomiske forholda knytt til overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane.
2. Fellesnemnda som finansutval godkjenner inndelinga av budsjettet i sektorar med tilhøyrande løyvningsnivå slik det er presentert. Vidare sluttar fellesnemnda som finansutval seg til den førebelse skisserte fullmaktsstrukturen i høve til kven som kan gjere budsjettendringar i gjennomføringa av vedteke budsjett.
3. Fellesnemnda som finansutval legg førebels til grunn at det samla investeringsbudsjettet innanfor bygg og fylkesveg i Vestland fylkeskommune vert redusert med 418 mill. kr i 2020. Nettobeløpet, det vil seia eigenfinansiering som krev låneopptak er om lag 335 mill. kr. Fellesnemnda som finansutval ber om at planlegginga av vedtekne investeringsprosjekt held fram slik at det ikkje oppstår forseinkingar.
4. Fellesnemnda tek prosjektleiar si tilnærming til å løyse salderingsutfordringa til orientering. Fellesnemnda/finansutvalet ber om at det blir synleggjort kva verknader dei ulike framlegga til innsparingar vil medføre på den enkelte tenesta.